



# Forord

Tilbakeblikk av Helene Frihammer

## Næringslivsåret 2023

Uro var ei treffande overskrift for 2023, som vart nok eit år prega av krig og global konflikt, eskalerande klimaendringar, inflasjon og aukande renter. Med så mange fakturer vi har lite kontroll over, er det lett å miste motet. På same tid er det så mykje vi både kan og bør være med å påverke framover.

For mange av våre medlemmar i Vestland var 2023 utfordrande, men det var samstundes stort strekk i laget. Bedriftene frå finans, olje og gass og sjømat meldte omeingod marknadssituasjon, medan bedrifter i byggenæringa, mediebransjen og bilbransjen fekk det stadig meir krevjande. Det auka skattenivået har vore svært krevjande for mange, særleg i ei tid med høge prisar på innsatsvarer og ei stadig høgare rente. Derfor var vi ekstra spent på statsbudsjettet for 2024. Det blei heldigvis mindre kontroversielt enn året før.

Vi er glade for at regjeringspartia stod imot nye skattekrav i forhandlingane. Den auka arbeidsgjevaravgifta blei sett noko ned, og er lova fjerna innan 2025. Det blei gjennomslag for å starte arbeidet med å bygge E134 Ny Røldalstunnel. Samstundes fekk SV igjennom fleire gjennomslag som er viktige for våre medlemmar. Formuesskatten blei redusert noko og

den nye ordninga for Eksfin vil kunne stimulere til nye grønne investeringar. Ein tok også viktige steg mot lågare utslepp i industrien, det vart sikra meir energieffektivisering og meir effektiv transport, og det blei også brei semje om grunnrenteskatt på landbasert vind.

For revidert nasjonalbudsjett i 2024 er det viktig at regjeringa sikrar ein reell dialog med næringslivet om ei varig og føreseieleg CO2 - kompensasjonsordning. Andre saker vi i NHO vil forsette å løfte høgt er behovet for å fjerne formuesskatt på arbeidande kapital, etablering av eit CO2-fond og innføring av differansekontrakter for hydrogen. Så jobber vi også intenst for at det skal vere Vestland sin tur i ny Nasjonal transportplan (NTP) som kjem før påske.

I løpet av 2023 har over 200 medlemsbesøk gitt oss i NHO Vestland god innsikt i utfordringar og moglegheiter som bedriftene står i. Det som utpeikar seg er likevel den enorme drivkrafta som finnast her i vest, og det glødande ønsket om å både skape og bidra.

Vi har stor grunn til å vere stolt av næringslivet i Vestland som leverer ei stor bredde av løysingar, produkt og tenester. Vestland er det største eksport-fylket i landet

for tredje år på rad, og eksporterte i fjor for i overkant av 230 milliardar kroner (utanom olje og gass).

I Øygarden opna i fjor verdas fyrste hydrogenproduksjonsanlegg med integrert CO2, og store internasjonale avtalar er landa for Northern Lights som opnar i 2024. Med Framo LiftUP Slamsystem kan ein no effektivt fjerne og utnytte 60-70 prosent av slam frå laks, som dermed kan gå frå å vere ei utfordring til ein verdifull ressurs. Katapultsenteret på Stord er i ferd med å lukkast med å nytte grøn ammoniakk i eksisterande skipsmotorar, noko som kan bidra til å kutte enorme utslepp verda over.

Helseteknologi-miljøet blomstrar i vest. I tett samarbeid med LUP (Leverandørutviklingsprogrammet) har Florø-bedrifta Retrams utvikla ei løysing som kan lese av «DNA-et» til operasjonsutstyr, noko som kan spare det offentlege for store utgifter. Dynamon brukar kunstig intelligens for å forenkla og effektivisere manuelt arbeid med utarbeiding av turnus. Reiselivet er ein heilt sentral sysselsettar og bidreg til inkludering i heile fylket.

I Vestland har vi felles målsettingar om å oppnå netto nullutslepp, 24.000 nye arbeidsplassar, 45 milliardar i ny eksport og 75 milliardar i auka verdiskaping innan

2030. Våre viktigaste felles samarbeidsprosjekt for å oppnå dette, Grøn Region og One Ocean, har levert lovande resultat gjennom året.

Skal vi lukkast med å nå desse felles måla må vi likevel evne å stå endå tettare saman både i trepartssamarbeidet og i Team Vestland på tvers av organisasjonsnummer. Vi må stå saman, fjerne barrierane som står i vegen, og jobbe for føreseielege rammevilkår, tilgang på nok kraft, kompetanse, kapital, infrastruktur og digital utvikling. Når omverda rundt oss er så ustabil treng vi også i endå større grad godt naboskap, gode avtaler internasjonalt, som EØS og NATO, og eit sterkt fokus på fred og gjenoppbygging.




**Helene Frihammer**  
Regiondirektør

# Innhald

<b>Næringslivsåret 2023</b> .....	<b>2</b>
<b>NHO</b> .....	<b>8</b>
<b>NHO Vestland</b> .....	<b>8</b>
Marknad og medlem .....	9
Høyanger Lean Industri .....	9
Arbeidsgjevarservice .....	9
Lønnsoppgjeret i 2023 .....	9
<b>Styret i NHO Vestland</b> .....	<b>10</b>
Valkomité .....	10
Styret sine representantar til NHO sitt representantskap .....	10
Øvrige representantar frå NHO Vestland .....	10
NHO sitt representantskap .....	10
NHO sin generalforsamling .....	10
NHO sitt styre .....	10
Ansatte i NHO Vestland .....	11
<b>Næringspolitikk</b> .....	<b>12</b>
<b>Politisk arbeid og valet 2023</b> .....	<b>12</b>
<b>1. Grønn konkurransekraft og utsleppskutt</b> .....	<b>14</b>
Kraftløftet .....	14
Kompetanse .....	14
Kapitaltilgang .....	14
Største Utsleppspunkt .....	14
Klimamål i kommunar .....	15
One Ocean Region/ Havbyen Bergen .....	15
Berekraftsløftet .....	15
<b>2. Tette kompetansegapet</b> .....	<b>16</b>
Inkluderingsløft .....	16
Utdanning i tråd med arbeidslivet sitt behov .....	17
<b>3. Private som leverandør til det offentlege</b> .....	<b>17</b>
Leverandørutviklingsprogrammet .....	17
Snøggåttane .....	17
<b>4. Skape eit meir berekraftig og vekstfremjande arbeidsliv</b> .....	<b>20</b>
Norsk privat eigarskap og Vestlandsopprøret .....	20
Mangfaldig næringsliv .....	20
Jenter og teknologi .....	20
Styrekompetanse .....	20

Pride .....	20
Gründerar med innvandrar bakgrunn .....	21
Kommune NM .....	21
<b>5. Gjere norsk næringsliv teknologleiane i eit digitalisert samfunn</b> .....	<b>22</b>
Digital dekning .....	22
Digitalisering og kunstig intelligens .....	22
<b>6. Auke eksporten og styrke internasjonalt samarbeid</b> .....	<b>23</b>
Heile Vestland Eksporterar .....	23
EØS og Internasjonale avtalar .....	23
<b>7. Framtidsretta Infrastruktur</b> .....	<b>26</b>
Status for prosjekta er som følgjer: .....	26
E39 Hordfast .....	26
K5 Fellesprosjektet Arna-Stanghelle .....	26
E134 Ny Røldalstunnel .....	26
Bybanen til Åsane .....	26
E39 Storehaugen-Førde .....	26
E39 Klauvaneset-Vågsbotn .....	26
Stad skipstunnel .....	26
Rassikring .....	27
Infrastruktur for Grøn Tungtransport .....	27
<b>Kommunikasjon</b> .....	<b>28</b>
Mediedekning .....	28
Samarbeid .....	28
Trepertssamarbeidet .....	28
Møter med Stortingsbenkane .....	28
Næringsforum .....	29
Kompetanseforum .....	29
Yrkesopplæringsnemnda .....	29
Fylkesberedskapsrådet .....	29
<b>Møteplassar og arrangement</b> .....	<b>30</b>
<b>Tusen takk!</b> .....	<b>30</b>
NHO Vestland .....	31
NHO Fellesskapet sine kjerneverdier: .....	31
NHO Vestland sine prioriterte saker .....	31
Samarbeidspartnarar .....	31
Andre Interesseorganisasjonar .....	31



*“Ved politisk påvirkning, gjennomslag i forhandlinger og attraktive medlemstjenester skal NHO bidra til lønnsomhet i medlemsbedriftene. Slik skal vi sammen sikre grunnlaget for et økonomisk sunt og bærekraftig samfunn.*

NHOs visjon

## NHO

Næringslivet sin Hovedorganisasjon (NHO) er Norge sitt største fellesskap av bedrifter, og er den leiende organisasjonen for arbeidsgjevarar. Vi har over 33.000 medlemsbedrifter med over 700 000 årsverk, NHO sentralt, har vi regionkontor som dekkjer alle fylka og landsforeiningar som tek i vare medlemmane sine bransjeinteresser. Vi er til saman nærare 300 tilsette som arbeider med politisk påverking, gjennomslag i forhandlingar og attraktive medlemstenester som skal bidra til lønnssemi i medlemsbedriftene.

Våre medlemmar spenner frå små familieeigde bedrifter til multinasjonale selskap i dei fleste bransjar. 97 prosent av medlemmane er små og mellomstore bedrifter med under 100 tilsette.

## NHO Vestland

### MÅL

**Fleire og meir nøgde medlemmar.  
Utvikling i antall årsverk og antall medlemmer  
Antall årsverk per landsforeining.**

NHO Vestland er det nest største av NHO sine 10 regionkontor. Kontoret tilbyr rask service og rådgiving, møteplassar og lokalkompetanse der du er. Vi sikrar og skaper politiske gjennomslag, løfter viktige regionale perspektiv og deltar i fleire større fellesprosjekt som Grøn region Vestland One Ocean/ Havbyen Bergen, eksportsamarbeid og infrastrukturprosjekt.


Vi er åtte personar ved regionkontoret, samt ein trainee, og til saman 25 lokale representantar som jobbar for våre medlemmar. I Bergen er vi samlokalisert med NHO Reiseliv og Sjømat Norge, og vi har eige kontor i Florø. Medlemmane har også tilgang til ei rekkje medlemsfordelar som:

- Arbinn.no, NHO sin arbeidsgjevarportal der du får rettleiing i korleis følgje opp tilsette, svar på spørsmål om jus og HMS, kontraktsmalar, tilgang til webinar og mykje meir.
- Advokathjelp ved offentlege innkjøp
- Gunstige avtalar for pensjon, forsikring, Onsagers, Kopinor, juridiske tenester og personalhandbøker
- Arrangement, NHO-kurs og webinar

Landsforeiningane og bransjeforeiningane tilbyr fagkompetanse og bransjekompetanse, og fleire har regionale bransjekontakter i Vestland, som NHO Reiseliv sin innkjøpskjede, Sjømat Norge, NELFO, EBA osv. Vi har også ein regional representant for LUP - Leverandørutviklings-programmet som vi deler med Rogaland. Alle jobbar saman for å auke medlemstilfredsheita, og i 2023 var vi på over 200 medlemsbesøk i heile fylket.

Medlemmar som er bunden av tariffavtale, der hovudavtalen mellom LO og NHO gjeld for bedrifta, har også moglegheit til å søke om både økonomisk og fagleg støtte til å jobbe aktivt med medarbeidar driven innovasjon og utvikling av partssamarbeidet gjennom hovudorganisasjonane sine fellestiltak.

### Utvikling i antall årsverk og antall medlemmer



### Marknad og medlem

NHO Vestland hadde god vekst i 2023 og kunne stolt feire at vi passerte 4000 bedriftsmedlemmar i desember. NHO er det største fellesskapet for næringslivet i fylket med god margin. Ved årsslutt hadde vi 4038 medlemsbedrifter med til saman 80.930 årsverk.

Vi har gjennomført ei rekkje vervemøter i samarbeid med landsforeiningane i NHO-fellesskapet, som har ført til fleire medlemmar.

Vi har fokus på å ha god relasjon til våre medlemmar. Gjennom 2023 har vi besøkt over 200 av våre medlemsbedrifter i Vestland. Vi er opptekne av å få innsikt i bedriftene sin kvardag, og kva utfordringar og moglegheiter dei står ovanfor. Besøka har vore nyttige og vi har tatt med oss innspel og erfaringar til NHO sitt arbeid og politikktutforming.


### Høyanger Lean Industri

Hydro aluminium Høyanger og Bilfinger Høyanger jobbar godt i HF- prosjektet med å gjennomføre aktiviteter som bidreg til auka partssamarbeid og til å nå måla i prosjektplanen. Prosjektet går inn i sitt siste og avsluttande år i 2024.

### Arbeidsgjevarservice

NHO Vestland sine advokatar Nina Tennebekk og Hildegunn Nygård hjelper medlemmane i Vestland med rådgiving innanfor arbeidsrett.

### Antall årsverk per landsforeining



Det har vore jamn høg etterspurnad etter råd og rettleiing innan arbeidsrettsfeltet. Advokatane har også blitt nytta som rådgjevarar og møteleiarar i samband med krav om individuelle forhandlingsmøter. I tillegg har advokatane representert etter fullmakt frå landsforeiningar i samband med organisatoriske møter mellom landsforeining og arbeidstakarorganisasjon.

Våre advokatar har hatt fem ulike arbeidsrettslege kurs/ webinar som har blitt sendt nasjonalt, i tillegg til bedriftsinterne kurs.

### Lønnsoppgjeret i 2023

Det er tariffoppgjer i NHO kvart år. Men tariffavtalane blir inngått for to år om gangen, så det er berre kvart andre år vi forhandlar om heile tariffavtalen. Det er dette som kallast tariffrevisjon, eller "hovudoppgjer". Avtalane har ein bestemming om at hovudorganisasjonane ved utløpet av første avtaleår skal forhandle om eventuelt sentralt lønnstillegg frå 1. april for alle tariffavtalane under eitt. Dette er i form eit samordna oppgjer og kallast "mellomoppgjer" fordi det er midt i tariffperioden. Partane har avtalt at det er streiketilgang også i eit mellomoppgjer. Mellomoppgjeret i 2023 var vanskeleg og det blei iverksett streik.

LO, YS og NHO blei samde om ei ramme på 5,2 prosent og eit generelt lønnstillegg på 7,50 kroner i timen til alle som er omfatta av forhandlingane. Oppgjeret blei vedtatt 28. april, og alle tillegg blir gitt med verknad frå 21. april.

## Styret i NHO Vestland

### Styreleiar

Aina M. Berg, NORCE,  
Norwegian Research Center AS (Abelia)

### Nestleiar

Erik Osland, Osland Havbruk AS (Sjømat Norge)

### Styremedlemmar

Jakob Særsten, LOS Gruppen AS (Nelfo)  
Trygve Solaas, Westcon Yard Florø AS (Norsk Industri)  
Sølvi Solmunde, Clarion Hotel Admiral AS (NHO Reiseliv)  
Nils Aslak Huus, Firda Billag AS (NHO Transport)  
Silje Skaar Sunde, Eviny AS (Fornybar Norge)  
Lisbeth Nærø, Fana Sparebank (Finans Norge)

### Varamedlemmar

Erik Erdal, Aker Solutions AS (Norsk Industri/Offshore)  
Linda Hovland, Framtidsfylket AS (Abelia)  
Knut Stauri, HS Bygg AS (NHO Byggenæringen)  
Tone Wåge, PostNor AS (NHO Logistikk og Transport)

### Valkomité

Kurt Rune Andreassen, CCB AS  
Irene Wergeland, Wergeland Grappa AS  
Bjarte Hordnes, Aksell Vest AS  
Marita Solheim, Visit Fjordkysten AS

## Styret sine representantar til NHO sitt representantskap

### Representant

Aina Margrethe Berg, NORCE

### Vararepresentant

Erik Osland, Osland Havbruk

## Øvrige representantar frå NHO Vestland NHO sitt representantskap

### Representantar

Rune Kolbeinsvik, Austevoll Elektro AS (Nelfo)  
Roger Rong Harkestad, Tide AS (NHO Transport)  
Siv Juvik Tveitnes, Schibsted (Mediebedriftenes  
Landsforening)  
Trine Lerum Hjellhaug, Lerum AS (NHO Mat og Drikke)

### Vararepresentantar

Gerdt Meyer, JAS (NHO Logistikk og Transport)  
Espen Sævold, Visit AS (NHO Service og Handel)  
Ingrid Solheim, StS-Gruppen AS (Norsk Industri)

## NHO sin generalforsamling

### Representantar

Lene Eltvik Vindfeld, TV2 (Mediebedriftenes  
Landsforening)  
Gerdt Meyer, JAS (NHO Logistikk og Transport)  
Marianne U. Knapstad, BB Servicesystem AS (NHO Service  
og Handel)  
Jakob Særsten, LOS Gruppen AS, (Nelfo)  
Silje Skaar Sunde, Eviny AS (Fornybar Norge)  
Ingrid Strand Solheim, STS Gruppen AS (Norsk Industri)  
Helge Singelstad, Lerøy Seafood AS (Sjømat Norge)  
Øyvind Oaland, Mowi Seawater Norway AS (Sjømat Norge)

### Vararepresentantar

Rolf Barmen, Fjordkraft AS (Fornybar Norge)  
Geir Kleppe, Nordhordland Elektro AS (Nelfo)  
Jan Henrik Nygård, Norblikk AS (NHO Byggenæringen)  
Gard Kvalheim, LAB Entreprenør AS (NHO  
Byggenæringen)  
Gard Haugland, Bien Bar AS (NHO Reiseliv)  
Trygve Solaas, Westcon Yard Florø AS (Norsk Industri)  
Sølvi Solmunde, Clarion Hotel Admiral AS (NHO Reiseliv)  
Ingvald Torblå, Odda Technology AS (Norsk Industri)  
Rolf Røssland, NUI AS (Offshore Norge)  
Guri Lerøy Rippe, Marine Fabrication AS (Sjømat Norge)

## NHO sitt styre

Jannicke Hilland, Telenor ASA (Abelia)

## Ansatte i NHO Vestland



**Helene Frihammer**  
Regiondirektør



**Wenche Salthella**  
Senior rådgiver



**Hildegunn Nygård**  
Advokat



**Mona Sandmo Nilsen**  
Rådgiver



**Nina Tennebekk**  
Advokat



**Wenny Irene Hansen**  
Rådgiver



**Sondre Olsen**  
Rådgiver



**Sander Rusten Hauge**  
Trainee



**Ann-Kristin Kristoffersen**  
Rådgiver (slutta i september 2023)

Foto:  
Moment Studio  
Ole Kristian Olsen  
Wenny Hansen

## Næringspolitikk

Våren 2020 lanserte NHO sitt vegkart for norsk næringsliv «Neste trekk». Dette gir politisk forankring for saker det blir jobba med også i regionforeiningane. NHO Vestland jobbar for å synleggjere NHO sin politikk og bruke dette faglege grunnlaget for å underbygge våre posisjonar. Vegkartet viser også tydeleg kva utfordringar og mogelegheiter som ligg i vår region. NHO Vestland sine sju politiske hovudsatsingsområde er:

1. Utvikle grøn konkurransekraft og kutte utslepp
2. Auke tilgangen på kompetent arbeidskraft for næringslivet
3. Sikre dei private si rolle som leverandør til det offentlege
4. Skape eit meir berekraftig og vekstfremjande arbeidsliv
5. Gjere norsk næringsliv teknologileiande i eit digitalisert samfunn
6. Auke eksporten og styrke internasjonalt samarbeid
7. Framtidsretta infrastruktur som gir meir næringsutvikling

## Politisk arbeid og valet 2023

NHO Vestland utøver politisk påverknad på vegne av våre medlemsbedrifter opp mot sentrale, lokale og regionale politikarar og gjennom deltaking i utval, samarbeid og forum.

Kommune- og fylkestingsvalet prega arbeidet til regionkontoret i 2023. Vi heldt mange møter med programkomiteane til dei ulike partia og vi sendte innspelsdokument med saker som er viktige for medlemsbedriftene.

Før valet arrangerte vi ei rekkje valmøter rundt omkring i fylket og fekk gode tilbakemeldingar på desse. På valmøtene tok vi for oss ein bransje om gangen og inviterte bedrifter til å halde innlegg for kandidatar som stod på val for dei ulike partia. På den måten blei det knytt god kontakt mellom politikarar og bedriftsleiarar, og politikarane fekk større kjennskap til dei ulike næringane. I etterkant av valet har vi hatt møter med mange av dei nyvalde politikarane og ønska nye ordførarar lukke til med utdeling av ordførarkopp, bli kjent-samtale og forventningsbrev. Ved årsskiftet 23/24 byrja det omfattande arbeidet inn mot Stortingsvalet 2025.

For å sikre at NHO er ein samfunnsbyggjar i praksis og at politiske målsetningar og ambisjonar i vegkartet får gjennomslag og blir gjennomført både regionalt og lokalt, er NHO Vestland partner i ei rekkje samarbeidsprosjekt og arbeider systematisk gjennom forum og utval på tvers av organisasjonsnummer. Under er ei skildring av dei 7 prioriterte politiske områda og noko av hovudarbeidet vi gjer med desse.



# 1. Grønn konkurransekraft og utsleppskutt

## MÅL

**Vestland skal saman oppnå 55 % utsleppskutt, 75 mrd. meir i grøn verdiskaping og 24 000 nye arbeidsplassar innan 2030**

Vestland er det mest utsleppsintensive fylket i landet og vi har ekstra dårleg tid. Med store ressursar og 25 % av vasskraftproduksjonen har vi samstundes store moglegheiter til å bygge grøn konkurransekraft og ta gode posisjonar i det grønne skiftet, men det hastar. For å lukkast med å kutte utslepp, omstille og bygge ny næring, trengs det systematisk arbeid og evne til handlekraft.

## Grøn Region Vestland

Gjennom det store samarbeidsinitiativet Grøn Region Vestland, har Næringsforum sett seg felles mål om netto null, 24 000 nye arbeidsplassar, 75 mrd. i auka grøn verdiskaping og 45 mrd. auka grøn eksport innan 2030.

Før jul blei Vestlandsporføljen oppdatert til versjon 2.0 som no omfattar i alt over 300 prosjekt med stort potensiale til å bidra til at måla kan realiserast. For å lukkast blei fire område løfta fram; ein må bygge best samarbeidsrigg, ein må jobbe lokalt gjennom dei 19 hubane og bruke industriell symbiose som metode, ein må ta posisjon som verdsleiande havregion og bygge grøn infrastruktur. Tre store barrierar er tilgang på nok og meir kraft, eit kapitalbehov på 128 mrd. og tilgang på kompetanse. Barrierane fell godt saman med det øvrige arbeidet vi gjer i NHO og ein kritisk suksessfaktor er at vi evnar å jobbe i fellesskap på tvers av organisasjonsnummer.

Næringsforum, der NHO Vestland er representert ved regiondirektør, er styringsgruppa for dette store samarbeidsprosjektet som er leia an av Vestland fylkeskommune og Innovasjonen Norge. Metoden skapar

stor merksemd og er i ferd med å breie seg til andre delar av landet.

## Kraftløftet

Kraftløftet er eit samarbeid mellom LO, NHO og OED. Formålet med kartlegginga er å avdekke kraftbehovet fram mot 2030 og differansen med innmeldt behov og planlagt auka produksjon. I Vestland blei det avdekka eit urovekkande stort kraftgap på mellom 15 og 24 TWh i 2030. Dette samsvarer med funna i Grøn Region Vestland og avdekkar at det hastar veldig å bygge ny fornybar energi, energieffektivisere og ikkje minst få på plass tilstrekkeleg med nettkapasitet. Å sikre denne tilgangen på kraft i tida framover vil være eit av dei store og viktige samarbeidsprosjekta i 2024.

## Kompetanse

Gjennom året har dei 19 Hubane særleg fått påfyll av kompetanse rundt bruk av industriell symbiose som metode. Fleire verksemdar i samarbeidet vurderar også å nytte seg av HF-midlar (Hovudorganisasjonane LO og NHO sine fellestiltak) som støttar utviklingsaktivitetar i verksemdar både økonomisk og fagleg.

## Kapitaltilgang

Gjennom Vestlandsporføljen 2.0 er det blitt avdekka at det vil vere behov for rundt 128 mrd. i kapital for å realisere prosjekta i Grøn Region Vestland.

Eit av grepa som er gjort for å systematisere tilgang på kapital er å opprette eit kapitalprogram gjennom Innovasjon Norge i Vestland. Her arbeider også vi i NHO for å kople til vår landsforeining Finans Norge for å sjå korleis banknæringa kan bidra. På same tid blir det også jobba med å posisjonere prosjekt for program i EU og tiltrekke investeringar gjennom Invest IN-programmene.

I NHO hjelper vi også Connect Vest, Vis - Vestland og Finance Innovation med å få på plass eit tidlegfasefond.

## Største Utsleppspunkt

I Vestland står 10 punktutslepp for over 50 % av utsleppa i fylket. Samstundes er desse industribedriftene nokre av våre største verdiskaparar og sentrale eksportørar av varer. Lukkast ikkje desse, lukkast ikkje Vestland, så lukkast ikkje Norge. Saman med Vestland fylkeskommune

inviterte vi derfor desse til eit eige rundebordsmøte hausten 2023, saman med klima- og miljøministeren og Stortingspolitikarar frå Vestlandsbenken. Dei fleste av desse industribedriftene er heilt sentrale i Grøn Region satsinga og har både laga omfattande planar for omstilling, ny næringsutvikling og utsleppskutt innan 2030. Hovudinnspela på kva dei treng for å lukkast blei dermed også formidla til ministeren:

Dei overordna behova er tilgang på kraft, kapital, kompetanse og i nokre tilfelle areal, samt er kritiske suksessfaktorar:

- Differansekontrakter for Hydrogen
- CO2 fond
- Stabile og konkurransedyktige rammer for Co2-kompensasjon

Dette arbeidet opp mot industrien vil fortsette med nye rundebordsmøte, felles kunnskapsbygging, innspel inn mot Statsbudsjett og valet i 2025.

## Klimamål i kommunar

I løpet av 2023 gjennomførte NHO ei undersøking for å sjekke kor mange av kommunane i Vestland som hadde sett seg klima mål i tråd med Paris-avtalen. Resultata var nedslåande og mindre enn halvparten av kommunane hadde sett seg oppdaterte mål. Rett i etterkant av valet hadde vi derfor ei større digital samling i samarbeid med KS, Vestland fylke, Klimapartnere og Statsforvaltaren for dei nyvalde ordførarar og kommunedirektørane. Vi oppmoda alle om å sette seg oppdaterte mål og jobbe systematisk med utsleppsreducerande tiltak og særleg ved å nytte den offentlege innkjøpsmuskelen og etterspørje grønne løysingar frå næringslivet. Vi vil gjennomføre eit nytt møte våren 2024.

## One Ocean Region/ Havbyen Bergen

One Ocean Region/Havbyen Bergen skal vere eit verdsleiande initiativ for å fremje auka samhandling, attraktivitet, berekraftig vekst og kompetanse i havnæringane med Bergen som sentral drivkraft i regionen. Her deltek NHO Vestland aktivt i arbeidsgrupper og i styret. One Ocean Week som vil haldast årleg i april er ein av dei viktigaste elementa av samarbeidet og tek mål av seg å bli ei Arendalsuka for havnæringane.

## Berekraftsløftet

Før jul vart LO, KS og NHO saman einige om å operasjonalisere Berekraftsløftet i Vestland. Utviklingsplanen for fylket har mål om å levere på berekraftmåla. Det er noko usikkert på kva resultat som blir skapt på kvart felt. Vi ser derfor om det er mogeleg å få på plass ein GAP-analyse for å avdekke kvar ein i dag ikkje jobbar tilstrekkeleg dei ulike berekraft måla. Både Grøn Region Vestland/ One Ocean Region og samarbeidet om ei større mobilisering for inkludering vil vere viktige leveransar her. Tanken er ikkje å etablere nye strukturar, men styrke eksisterande. Det er også mange organisasjonar og initiativ som arbeider for å levere på ulike berekraftmål, ein vil også sjå på korleis ein kan styrke samarbeidet på tvers mellom desse.



Vi tester medlemmenes innovative produkter i Florø med Evoy  
Foto: NHO Vestland



## 2. Tette kompetansegapet

### MÅL

**Innan 2030 skal Vestland ha halvert udekt kompetansebehov**

Mangelen på tilgang til rett kompetanse i næringslivet held fram med å auke og byrjar å bli kritisk høg for stadig fleire bedrifter. Det viser NHO sitt Kompetansebarometer for 2023. 2 av 3 NHO-bedrifter melder at dei har eit udekt kompetansebehov. I Vestland er det totale talet bedrifter som melder om udekt kompetansebehov 64 prosent. På landsbasis er det 62 prosent.

Mange bedrifter ønsker å tilsette, men får ikkje tak i dei folka som trengs. Aller størst behov er det for personar med handverksfag og ingeniør og tekniske fag.

Halvparten av bedriftene som har freista å rekruttere fortel at dei ikkje fekk tilsett nokon. Her skil spesielt bedrifter i landsforeininga NHO Transport seg spesielt ut. Heile 80 prosent av bedriftene svarar at dei ikkje fekk tilsett nokon, og det er ei stor auke frå i fjor.

Men fleire bransjar har same utfordring. 2 av 3 bedrifter i Finans Norge, Fornybar Norge og NHO Service og Handel seier også at dei har freista å rekruttere utan å få tilsett nokon med rett kompetanse.

For bedriftene er mangelen på nok folk med riktig kompetanse noko som får konsekvensar. 4 av 10 bedrifter tapar kundar eller marknadseier. Nesten halvparten seier dei har skrinlagt eller utsett utviding av bedrifta.

Nytt i kompetansebarometeret for 2023 er at vi har spurt bedriftene om kunstig intelligens. Omtrent 2 av 3 bedrifter i Vestland fylke seier dei manglar kompetansen dei treng for å ta i bruk kunstig intelligens. Halvparten svarar at kunstig intelligens vil vere viktig for bedrifta si framtidige

vekst og konkurranseevne. Like mange seier at kunstig intelligens vil endre oppgåvene i bedrifta. Samstundes er det berre 13 prosent av bedriftene som seier dei har implementert verktøy basert på kunstig intelligens i si bedrift.

### Inkluderingsløft

### MÅL

**I Vestland arbeider vi med å sette felles ambisjonsnivå for inkludering i tett samarbeid med NAV og Vestland fylke**

Arbeidsløysa i Vestland er svært låg og arbeidslivet melder at ein er heilt avhengig av tilgang på fleire hender og hovud, samstundes står tusenvis utanfor arbeidslivet i vår region som har moglegheit for å komme inn. I tillegg er no mange Ukrainarar ferdige med sine introduksjonsprogram og ønskjer jobb. Regionkontoret har difor saman med NAV, LO, KS og fleire aktørar reetablert IA-rådet (Inkluderande Arbeidsliv). Hensikta er å motivere og legge til rette for meir koordinert arbeid på tvers av organisasjonsnummer og etablere felles mål. NHO Vestland er opptatt av at private og offentlege må spele på lag for å oppnå betre inkludering og at bedrifter skal få betre kjennskap til ulike rekrutteringskanalar. Pilotprosjektet "Vi Inkluderer" som mellom anna blei utført i 2022 i Vestland var vellukka og ved utgangen året hadde prosjektarbeidet signert avtalar mellom bedrifter og aktørar på 119 tilsetningar og 122 kompetansehevande løp. NHO Vestland arbeider for å vidareføre dette og for ein forsterka satsing på inkluderingsarbeidet.

Ein del av mobilisering for inkludering handlar og om synlegheit og gode eksempel. NHO Vestland har deltatt med fleire bedrift eksempel og intervju i kampanjen som er gjennomført i sosiale media og 70 ulike A-media lokalaviser. Rapporten frå A-media syner at satsinga til saman har hatt over 7,2 millionar visningar. Meir enn 60.000 har klikka seg inn på sida og lese innhaldet.

### Utdanning i tråd med arbeidslivet sitt behov

Gjennom arbeid i Yrkesopplæringsnemnda og Kompetanseforum har NHO Vestland bidratt til å sikre læreplasstilbod og god oppfylging av klassar som er oppretta som søkbart tilbod gjennom året 2023. Vi har mellom anna mål om å sikre at delen som får læreplass i Vestland fylke minst er 75 % årleg.

Det har vore gjennomført digitalt informasjonsmøte for ungdomar og foreldre i forkant av søknadsfristen for vidaregåande utdanning. Det er også gjennomført fysiske utdelingar av fagbrev på ein rekke stader i fylket. Arbeidet med nytt lovforslag for opplæringslova har vore sentralt gjennom 2023.

trappene for 2024, for å nå ut til flest mogleg av våre 43 kommunar og sikre bruk av innovasjonskrafta og samspel med privat næringsliv i offentlege innkjøp.

### Snøggbåtane

Vi har gjennom 2023 jobba aktivt for at staten skal risikoavlaste Vestland fylkeskommune ved innovative anskaffingar av snøggbåtar. Dette er viktig både for å oppnå klimagassreduksjon men også for ny næringsutvikling og moglegheiter for eksport. Vi er opptatt av at anbod på dei lange strekka ikkje må utsettast ved at det er tvil om staten vil risikoavlaste anbod som kjem tidlegare enn i 2025.

## 3. Private som leverandør til det offentlege

### MÅL

**Sikre at private kan levere varar og tenester til det offentlege og at del innovative innkjøp aukar**

### Leverandørutviklingsprogrammet

Det offentlege kjøper inn for over 700 milliardar kroner kvart år og har stadig aukande utgifter, difor er det avgjerande for resten av samfunnet korleis desse midla blir brukt. I LUP - Leverandørutviklingsprogrammet jobbar ein for å bruke innkjøp til å finne smartare løysingar og auka samarbeid for innovasjon som gjer oss betre rusta til å handtere morgondagen sine utfordringar. I Vestland har vi ein regional representant for LUP som vi delar med Rogaland, som har jobba mykje saman med Vestland fylke med innovative anskaffingar for anlegg og veg, med helseinstitusjonane for betre helseløysingar og med sirkulærøkonomi saman med Bergen kommune. Eit samarbeid med KS sitt folkevaldeprogram er også på



Bedriftsbesøk på AS Fiskevegn  
Foto: Wenny Hansen



Bedriftsbesøk på Stord  
Foto: Natalia Golis

## 4. Skape eit meir berekraftig og vekstfremjande arbeidsliv

### MÅL

Eit samla skattetrykk som ikkje overstig 40 % og eit berekraftig næringsliv

#### Norsk privat eigarskap og Vestlandsopprøret

Lokale- og privateigde bedrifter er sjølve ryggraden den norske velferda og sikrar liv i bygd og by. Etter skattesjokket som ramma bedriftene i statsbudsjettet for 2023, har heile NHO fellesskapet mobilisert og forsterka arbeidet med dette ytterlegare, med å synleggjere konsekvensar for norsk eigarskap, for grøen omstilling og for utvikling.

Landsforeiningane Sjømat Norge og Fornybar Norge har jobba tungt med grunnrentesaken og høgprisbidrag. Høgprisbidraget på kraftproduksjon blei vedtatt at skal fjernast igjen i 2024, ein er komen til brei semje om 25 % grunnrenteskatt på landbasert vindkraft, og nivået på grunnrenteskatt for oppdrett blei justert ned frå 40 % til 25 %.

I 2023 blei det innført ei ekstra arbeidsgjevaravgift på 5 % for lønnsinntekter over 750 000 kroner. Dette er ei utfordrande avgift for bedrifter som allereie ligg i tung lønnskonnurranse.

På Vestlandet har det auka skattetrykket skapt sterke reaksjonar og aksjon for Norsk Eierskap blei etablert med utspring i Nordvestlandet. I 2023 la Menon Economics fram ein rapport som viser ein reduksjon i delen norske bedrifter, eigd av lokale, private aktørar. Det har også skapt stor merksemd at fleire norske eigarar vurderer eller ser seg nøydte til å flytte ut av landet for at ikkje selskapa skal verte tappa for kapital.

I NHO Vestland har vi jobba mykje med det auka skattenivået og formueskatt på arbeidande kapital og vi har hatt fleire innlegg i aviser om problemstillingane rundt skattenivået, det har vore oppe i alle Stortingsmøter og vi har hatt fleire møter både digitalt og fysisk i Vestland. Det har også vore tema på alle valmøte i 2023.

#### Mangfaldig næringsliv

I Noreg er likestilling og mangfald i næringslivet ein heilt sentral samfunnsverdi. NHO er opptatt av at alle som kan jobbe, skal inkluderast på ein god måte i arbeidslivet, samstundes er det lønnsamt og innovasjonsdrivande. Det er viktig for den enkelte, men ikkje minst for samfunnet og næringslivet som trenger alle gode hovud og hender. Inkluderingsarbeidet i Vestland, som er skildra tidlegare i årsrapporten, er heilt sentralt for oppnå dette. I tillegg har NHO Vestland mellom anna jobba med desse satsingsområda gjennom 2023.

#### Jenter og teknologi

Jenter og teknologi er eit nasjonalt rekrutteringsprosjekt i samarbeid med NITO og nasjonalt ressurscenter for realfag. Målet er å auke delen kvinner innan teknologi, gjennom realfag og yrkesfag. Mangfald innan teknologi er viktig for å auke innovasjonskraft og representasjon særleg når kunstig intelligens for alvor er i ferd med å gjere sitt inntog. I Bergen blir det arrangert fleire bedriftsbesøk kvart år og ein større konferanse for å synleggjere vegen til teknologi for elevar i 9. - og 10. klasse.

#### Styrekompetanse

I løpet av 2024 skal 800 kvinner rekrutterast inn i styrer i Vestland etter at dei nye reglane om minimum 40 % kvinneleg representasjon trer i kraft. Saman med Connect Vest og VIS Vestlandet, har NHO både arrangert møter for å mobilisere fleire kvinner i regionen til å søke styreverv samt drive utstrekt kopling av meir enn 50 kandidatlar med styre mentorar.

#### Pride

NHO er opptatt av at alle skal ha ein jobb som er inkluderande og fordomsfri uavhengig av kjønn, religion, etnisitet, seksuell legning og funksjonsevne. Derfor er vi også med og markerar Pride. I 2023 inviterte vi næringslivet til å delta i paraden i Bergen i samarbeid med Bergen Næringsråd.

#### Gründerar med innvandrar bakgrunn

I løpet av året har NHO Vestland freista å bistå med å synleggjere og framsnakke gründerar med innvandrarbakgrunn. I 2023 har vi særleg framheva Ukrainske gründerar som har deltatt i MIKS sitt Gründerprogram, som gjer ein viktig jobb og bidrar til at næringslivet i Bergen blir meir mangfaldig.

#### Kommune NM

I NHO sitt Kommune-NM for 2023 kom Vestland på ein femteplass, etter Oslo, Rogaland, Viken og Trøndelag.

Det er små endringar frå året før. Vi går noko fram på indikatorane "næringsvariasjon", "arbeidsledige", "administrasjonsutgifter" og "netto driftsresultat", men går litt ned på indikatorane "sjukefråvær", "netto innflytting", "høgare utdanning" og "teknisk og naturvitskapeleg utdanning. Bergen, Austevoll og Sogndal toppa Kommune-NM i Vestland. Bergen kom på sjetteplass etter Sola, Oslo, Bærum, Trondheim og Stavanger.



Gründer fra Ukraina leverer sjokolade til regional årskonferanse  
Foto: Ole Kristian Olsen

## 5. Gjere norsk næringsliv teknologleiane i eit digitalisert samfunn

### MÅL

1 GB breibanddekning i heile fylket og eit digitalt kunnskapsløft

#### Digital dekning

Vestland er det fylket, dersom ein ser bort i frå Oslo, som har best breibanddekning. Dette heng saman med at Vestland fylke og fleire kommunar har løyvd ekstra tilskotsmidlar i

tillegg til offentlig støtte over statsbudsjettet. Framleis er det område i Vestland som treng utbygging, i tettbygde område der det bur minst 200 personar og avstanden mellom husa ikkje er meir enn 50 meter har 98 prosent dekning med minst 1 gigabyte/s, i spreidd bygde område har 84,6 prosent tilsvarende dekning og er meir kostbare og vanskelegare å bygge ut. NHO følgjer utviklinga tett og har god dialog med Vestland fylkeskommune som jobbar systematisk og godt med å fortsette å auke dekninga.

#### Digitalisering og kunstig intelligens

I 2023 gjekk NHO inn som eigar og strategisk samarbeidspartnar i Digital Norway. Saman skal vi få ytterlegare fart på det digitale skiftet, Digital Norway er ein non-profit organisasjon etablert i 2017 av 15 næringslivsaktører for å få fart på digitaliseringa av norsk næringsliv. Digital Norway tilbyr i dag ei rekke digitale og fysiske kurs som er relevante for bedrifter og ansatte, som også NHO sine medlemmer vil nytte godt av.



Møte med Stortingsbenkene  
Foto: Mona Sandmo Nilsen

## 6. Auke eksporten og styrke internasjonalt samarbeid

### MÅL

Vestland har felles mål om å auke grøn eksport med 45 mrd. innan 2030

#### Heile Vestland Eksporterar

I starten av 2023 gjekk Innovasjon Norge og NHO inn for eit samarbeid spesielt retta inn mot regjeringa sin ambisjon om å auke eksport utanom olje og gass med minst 50 prosent innan 2030. Eit forsterka samarbeid vil kunne bidra til å bygge ny eksportnæring og styrke eksisterande, og at ein kan dra nytte av kvarandre sin kunnskap og nettverk. I NHO Vestland arbeider vi regionalt for å få på plass eit tilsvarende samarbeid for å styrke arbeidet med eksport i regionen. Våren 2024 arrangerast konferansen «Heile Vestland Eksporterar» som eit samarbeid mellom Bergen Næringsråd, Innovasjon Norge, Vestland fylke og NHO Vestland. Vi arbeider for at det skal kome på plass eit systematisk samarbeid for å styrke eksport i regionen som ein del av Næringsforum, som kompetanseheving og i tett samarbeid med både Grøn Region Vestland, One Ocean Region og klyngene.

#### EØS og Internasjonale avtalar

NATO og samarbeid med EU og andre internasjonale organ har vist seg viktigare enn på svært lenge, særleg for arbeidet med internasjonal stabilitet, fred og for å kunne lukkast med berekraftmåla. Våren 2023 reiste Næringsforum i Vestland saman til Brussel både for å lære meir men også for å promotere samarbeid i regionen.

I 2023 har det også vore viktig å løfte kunnskapen om EØS-avtalen i regionen og vi har arbeida med dette gjennom ulike møter. Ved årskiftet vart EØS-avtalen 30 år. Som det største eksportfylket er EØS-avtalen særleg viktig for handel og tett samhandling mellom Norge og EU. Den gir gevinstar for einskildpersonar, bedrifter og økonomien, mellom anna i form av arbeidsplassar. 80 prosent av alle varer vi sel til utlandet går til EU. 60 prosent av alle varer vi kjøper kjem frå EU. Felles reglar gjer det enklare og billigare å handle og at varene vi eksporterer blir meir konkurransedyktige.



HF prosjekt i Høyanger  
Foto: Wenny Hansén



Bedriftsbesøk på Hydro Husnes  
Foto: Sondre Olsen

## 7. Framtidsretta Infrastruktur

### MÅL

#### Gjennomslag i NTP og Statsbudsjett for framtidsretta Infrastruktur i Vestland i tråd med Samferdselsløftet

For dei aller fleste av våre medlemsbedrifter betyr samferdsel og mobilitet mykje i arbeidsdagane deira. Derfor er dette eit av dei viktigaste områda NHO jobbar med. Politisk rådgjevar Sondre Olsen er vår hovudkontakt for arbeidet med samferdsel og infrastruktur.

Samferdselsinvesteringar dannar grunnlag for investeringsavgjerdar i bedriftene, og lokalisering av ny industri og næringsverksemd. Det styrker attraktiviteten til byar og lokalsamfunn i heile landet. Samtidig er samferdsel i seg sjølv ein motor for å skape ny næringsverksemd og støtte opp under nye eksportmoglegheiter.

I 2023 arbeidde NHO mykje med det nye Samferdselsløftet som skal leggjast fram før ny Nasjonal Transportplan blir vedtatt våren 2024.

For NHO Vestland er det ei rekke nye prosjekt både på veg, bane og sjø som er viktige i tida framover. I førre Samferdselsløfte trakk vi fram tre prosjekt: Hordfast, K5 Arna-Stanghelle og E134 Ny Røldalstunnel. E134 Ny Røldalstunnel har fått bevilling over statsbudsjettet og bygging vil snart starte.

NHO Vestland meiner også dette er blant dei viktigaste samferdselsprosjekta i fylket:

- Bybanen til Åsane
- E39 Storehaugen-Førde
- E39 Klauvaneset-Vågsbotn

Vi er også opptatt av å sikre framdrift for Stad skips-tunnel som allereie er prioritert av Stortinget. Og ikkje minst med

rassikring og grøn infrastruktur for tungtransport og hamn i Vestland som i UNESCO -fjorden, Nærøyfjorden, som det er sett mål om at skal vere utsleppsfrå innan 2026.

Status for prosjekta er som følgjer:

#### E39 Hordfast

Arbeidet med reguleringsplan er under arbeid. Prosjektet er inne i gjeldande NTP. Det blir jobba systematisk saman med pådrivarselskapet. Det blei mellom anna arrangert ein konferanse med Hordfast som tema i november der regiondirektør Helene Frihammer heldt innlegg.

#### K5 Fellesprosjektet Arna-Stanghelle

Regjeringa har sett av noko midlar i statsbudsjettet til førebuande arbeid. Reguleringsplanen er vedtatt og vi ventar no på investerings avgjerd og pengar over statsbudsjettet.

#### E134 Ny Røldalstunnel

Prosjektet er klart til anleggsstart, og Stortinget har vedtatt investeringsavgjerd. Både NHO Vestland, NHO Rogaland og NHO Telemark og Vestfold har arbeidd for dette prosjektet, og vi har også løfta det i møter med Stortingsbenkane og i debattinnlegg i avisene.

#### Bybanen til Åsane

Bybanen til Åsane er ferdig regulert, men det er bestilt ei ny utgreiing for bybanetrase gjennom sentrum.

#### E39 Storehaugen-Førde

Reguleringsplan er klar, og prosjektet er definert som modent. Dermed manglar det berre investeringsavgjerd frå Stortinget for å gå i gong med dette prosjektet.

#### E39 Klauvaneset-Vågsbotn

NHO Vestland arbeider for at dette i likskap med dei andre prosjekta blir prioritert i første del av ny Nasjonal Transportplan.

#### Stad skipstunnel

Stortinget vedtok i budsjettet for 2024 å starte ein anbodskonkurranse for Stad skipstunnel. Det er likevel stor usikkerheit om dette betyr byggestart i nær framtid. Det er bestemt at gjennomføringa skjer med atterhald om at det kjem under ei kostnadsramme på 5.050


millionar kroner. Stad skipstunnel er det einaste større infrastrukturprosjektet for å fremje overgang frå transport på land til sjø.

#### Rassikring

Klimaendringane har allereie ført til eit tøffare klima med meir ustabil ver. I komande NYP må skredførebyggande tiltak og prosjekt prioriterast og fleire teknologiske løysingar kome på plass for å auke trafiksikring og informasjon til trafikantar. Ras og ras utsette område utgjør ein betydeleg fare for køyretøy og folk i store delar av Vestland fylke. Det største rassikringsprosjektet i våre prioriteringar i Samferdselsløftet er fellesprosjektet Arna- Stanghelle.

#### Infrastruktur for Grøn Tungtransport

I NHO er eit av våre hovudverktøy for utsleppsfrå tungtransport programmet Grønt Landtransportprogram (GLP). NHO Vestland har arbeidd for at GLP skal gå i gang med prosjekt i regionen og det jobbast både for å få plass biogassnettverk, samstundes som ein undersøker moglegheitene for å opne ferjeladarar og hamneinfrastruktur for lading av tyngre køyretøy. I løpet av 2023 har vi hatt dialog og målretta frukostmøte i samarbeid med Vestland fylke, Klimapartnere og NHO Logistikk og transport, for å sette meir fokus på dette. Vestland fylke har mellom anna løyvd utløyssande bidragsmidlar til ladeinfrastruktur til tungtransport i 2023 og fleire er allereie på plass.



## Kommunikasjon

Vi jobbar for auka synlegheit og gjennomslag for dei sakene våre medlemmar er opptekne av. Vi arbeider systematisk for mediedekning i ulike kanalar som i aviser, radio og tv, sosiale media og gjennom møteplassar.

Gjennom landsforeiningane og NHO-sentralt har, NHO Vestland også jobba konkret med ulike prioriterte saker.

### Mediedekning

Gjennom 2023 har regionforeininga hatt eit stort utval av utspel i pressa. Desse har vore både med og utan medlemsbedrifter som eksempel. Dei fleste av våre politiske saker har vore godt representert, knytt til funn frå medlemsundersøkingar, behovet for riktig kompetanse til rett tid, og det store omstillingsbehovet regionane står overfor med fokus på grøn konkurransekraft. I samband med Statsbudsjettet for 2024 har vi løfta og jobba fram alle våre infrastrukturprosjekt for å sikre at desse kom med.

Det har vore utspel i både regionale og lokale aviser i tillegg til radio og TV-dekning.

Regionkontoret har nærare 12 000 følgjarar i sosiale media der vi både framhevar aktuelle saker og deler eit utval av medlemsbesøk og breidda av aktivitet i NHO Vestland.

### Samarbeid

NHO Vestland har gjennom året invitert bransje-foreiningane med regionale kontaktar til i dialogmøte. Å ha

tett kjennskap til kvarandre sine aktivitetar og utfordringar gjev større gjennomslagskraft på vegne av medlemmane. Dette er faste møtepunkt gjennom året for regionkontor og bransjeforeiningar.

Vi arbeider tett og godt med våre 18 landsforeiningar for politiske gjennomslag, rekruttering og medlemspleie.

### Trepartssamarbeidet

Dialog og trepartssamarbeidet mellom arbeidsgjevarar, arbeidstakarar og regjering, er nøkkelen til god handtering av både kriser og andre utfordringar. Regionalt deler partane informasjon, og det er opparbeidd tillit mellom aktørane på ein god måte. Kontinuerleg samarbeid gir eigarskap og forpliktar partane som er med.

Samarbeidet hentar sin legitimitet frå ein høg del organiserte i arbeidslivet. Dei siste åra har organisasjonsgraden blant arbeidstakarane gått ned. Spesielt ser endringane i næringsstrukturen ut til å ha vore ei viktig årsak til dette. Dei bransjane som tradisjonelt har hatt låg organisasjonsgrad er dei som veks. I NHO sitt vegkart for framtida sitt næringsliv er aukande organisasjonsgrad eit viktig område og mellom anna basis for ei berekraftig lønnsutvikling.

### Møter med Stortingsbenkane

I 2023 gjennomførte vi to møter med dei to Vestlandsbenkane på Stortinget samla. Utgangspunktet for fyrste møtet var revidert statsbudsjett for 2023. Vi tok for oss rammevilkår og skattetrykk, samferdsel og kraftløftet som hovudtema.



I november var det statsbudsjett for 2024 som var tema. Vi fekk først omvising på Stortinget, og deretter hadde vi møte med fokus på formuesskatt og privat eigarskap, den auka arbeidsgjevaravgifta, styrking av Enova, skattetrykket på fornybarnæringa, situasjonen for byggenæringa og utfordringa med rekruttering av personell utanfrå EU.

Under begge møta hadde vi med oss sentrale bedrifter for å illustrere problemstillingar og utfordringar bedriftene opplever relatert til dei ulike tema i møta.

### Næringsforum

Næringsforum Vestland er ein partnerskap for samordna innsats for å fremje innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke i tråd med mål og strategiar i vedtekne regionale styringsdokument. Næringsforum Vestland skal også vere eit verkøy for koordinert innsats av midlar og andre ressursar som partnerane i forumet rår over til regional næringsutvikling og innovasjon.

Deltakarane i Næringsforum Vestland skal gjennom eit forpliktande samarbeid medverke til å sette dagsorden og utvikle strategiar for ei samordna næringsutvikling, arbeidsmarknad, næringsretta infrastruktur inkludert samferdsel og utdanning/kompetanseutvikling, eksport og inkludering. To av hovudprosjekta som næringsforum løftar i fellesskap er Grøn Region Vestland og One Ocean

### Næringsforum er følgande organisasjonar fast representert:

Vestland fylkeskommune ved avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling – leiar

Innovasjon Norge Vestland, Statsforvaltaren i Vestland, Fiskeridirektoratet Region Vest, NAV Vestland, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøyskole, NHO Vestland, LO Vestland, Norges forskingsråd, KS Vestland, Bergen kommune, Siva, Næringsalliansen Vestland.

### Kompetanseforum

Kompetanseforum Vestland skal leggje til rette for at kompetanse skal drive fram utvikling i arbeidslivet, avdekke kva kompetansegap som finns i arbeidslivet og finne løysingar på korleis desse skal fyllast. Partane skal setje framtidas kompetansebehov på dagsorden.

Ein skal mellom anna medverke til å:

- Samordne aktivitetar og arena for kompetanseutvikling og karriererettleiing
- Identifisere og bryte ned barrierar for regional samhandling
- Sørge for informasjonsflyt og kunnskapsdeling mellom aktørane

### I Kompetanseforum er følgande fast representert:

Universitet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøyskole, Fagskolen i Hordaland, Opplæringsdirektøren i Vestland fylkeskommune, partane i arbeidslivet representert ved NHO, LO og KS, NAV og Helse Vest.

### Yrkesopplæringsnemnda

I YON har NHO Vestland fokus på å sikre opplæringstilboda og dimensjonering av desse i tråd med arbeidslivet i regionen sitt reelle behov for arbeidskraft. NHO Vestland hadde leiarvervet ved Ann-Kristin Kristoffersen av nemnda gjennom året fram til stafettpinnen gjekk til LO hausten 2023. NHO Vestland er i frå oktober 2023 representert ved bedriftsleiar Stein Wikholm (Anleggsgartnermester Wikholm AS) og Wenny Irene Hansen (NHO) og arbeidet er ein sentral del av trepartssamarbeidet i regionen.

### Fylkesberedskapsrådet

Statsforvaltaren sin samfunnssikkerheitsinstruks slår fast at det i kvart fylke skal vere eit beredskapsråd som skal drøfte beredskapsspørsmål og vere eit forum for gjensidig orientering om beredskapsarbeidet på dei forskjellige områda. NHO Vestland representerar næringslivet i fylkesberedskapsrådet i Vestland.

Hensikta med dette arbeidet er å bidra til eit felles risiko- og sårbarheits bilde og ein felles plattform for planlegging av samfunnssikkerheits- og beredskapsarbeid i fylket og sikre at næringslivet er tett kopla på.

Gjennom dette arbeidet er NHO Vestland også budd på å hjelpe Statsforvaltaren sin samordning av krisehandtering ved behov.

## Møteplassar og arrangement

Gjennom året har NHO Vestland vore arrangør, medarrangør og bidragsytar for ei mengd arrangement, møter og webinar.

Kvelden før den nasjonale årskonferansen arrangerte NHO Vestland arrangementet Vest i Øst i partnerskap med Vestland fylkeskommune. URO var også tema for den regionale årskonferansen i mars i Bergen. Vi har mellom anna arrangert mange valmøte, lansering av kraftløftet, kompetansekonferansen Folka i samarbeid med Framtidsfylket, Jenter og Teknologikonferansen, rundebordsmøte for dei største utsleppspunkta møte om grøn tungtransport, møte om barnehagar, konferansar om innovative innkjøp, feiring av kvinnedagen, Pride-arrangement, Kvalitet 23, feiring av jubileum av Akan-samarbeidet, møte om klimamål i kommunar, møter for fokus på samferdsel og infrastruktur, 5 juridiske kurs og møte for å mobilisere fleire kvinner til styrer, for å nemne nokre.



## Tusen takk!

Vi vil runde av årsrapporten for NHO Vestland med å rette ein stor, varm takk til våre over 4000 medlemmar i regionen som viser oss tillit, til styret og alle våre gode samarbeidspartnarar og ikkje minst dei tilsette ved kontoret og i det store NHO fellesskapet som gjer ein formidabel jobb for eit framtidretta Vestland og eit berekraftig næringsliv.

## NHO Vestland

Næringslivet sitt talerøyr og bedriftene sin problemløysar.

### Bedriftene sin samarbeidspartner innan

- Arbeidsrett
- Lønn og Tariffspørsmål
- Næringspolitikk
- Kompetanse

### NHO Fellesskapet sine kjerneverdier:

- Truverdig
- Modig
- Tilgjengeleg
- Samspelande

### NHO Vestland sine prioriterte saker

- Samferdsel- oppfølging av nasjonal transportplan
- Verdiskaping i Vest - Norge
- Kompetanse
- Lønn
- Skatt
- Pensjon
- Energi og miljø
- Opinionsarbeid
- Fagopplæring og rammevilkår

### Samarbeidspartnarar

- Stortingspolitikarar frå Vestlandet
- Stortingskomitear
- Politisk leiing i departementa
- Fylkeskommunen i Vestland politisk og administrativt
- Kommunane i Vestland politisk og administrativt
- Innovasjon Norge
- Statens vegvesen
- Grunn- og vidaregåande skular
- Forsking og høgare utdanning
- Arbeidstakarorganisasjonar

### Andre Interesseorganisasjonar

I NHO Vestland kan vi spele på svært dyktige medarbeidarar i NHO sentralt, NHO region og i NHOs lands-/bransjeforeiningar.



## Bilder fra bedriftsbesøk med mer





Hydro Aluminium i Høyanger markerer Pride  
Foto: Wenny Hansen



Foto: Wenny Hansen

Layout: NHO Design 2024